



NESTEN MENNESKE – BIOGRAFIEN OM JULIUS

Forfatterbesøk med Alfred Fidjestøl

Sjimpansen Julius fekk ein vond start på livet. Avvist av mora og med ein valdeleg far måtte han flytte inn hos to menneskefamiliar. Gjennom TV vart Julius ein norsk A-kjendis på 80- og 90-talet. Men han sleit med å finne plassen sin i flokken.

I dag lever Julius som alfasjimpanse og tobarnsfar i Dyreparken i Kristiansand. Han er framleis Noregs mest kjende dyr. Som fyrste dyr i Noreg fekk Julius sin eigen biografi i fjor. Ved hjelp av internasjonal sjimpansforskning prøver Alfred Fidjestøl å finne ut kva som går føre seg i hovudet på ein sjimpanse som Julius. Det har vorte ei fascinerande og tankevekkjande historie, om det evige spelet om status og makt, om kjærleikslengt og sex, om einsemd, død og sorg.

Gjennom forteljinga om livet til sjimpansen Julius gjer Fidjestøl oss eit unikt innblikk i kva det vil seie å vere nesten menneske. Boka vart nominert til Litteraturkritikerprisen for beste sakprosa bok i 2017.

OM FORFATTAREN

Alfred Fidjestøl (f. 1973) er journalist, filosof, biograf og sakprosaforfattar. Han er utdanna cand. philol. med filosofi som hovudfag frå Universitetet i Oslo. Fidjestøl har gitt ut kritikarroste biografiar og historieverk om menneske og kulturinstitusjonar. I 2014 blei han den første sakprosaforfattaren nokosinne til å motta Gyldendals Sult-pris, og i 2017 fekk han Språkprisen for framifrå bruk av norsk språk. Juryen framhevar særleg forfattarens «befriande evne til å kombinere ledig og lettlesn nynorskprosa med kreative språkbilete».

TEKNISKE BEHOV

Forfattere har med egen PC med nødvendige overgangar. Treng projektor/lerret eller SmartBoard. Ells inga krav til scene, arena, teknisk utstyr e.l.

FØREBUINGAR FRÅ SKOLEN

Elevane bør minimum ha lese det tilsende tekstutdraget før forfattere kjem. Utdraget ligg også på nettsidene til Den Kulturelle Skolesekken i Oslo. Lærar skal vera til stades under heile formidlinga og alle mobilar slått av.

KONTAKTINFO

Hanne Bru Gabrielsen / Norsk Forfattersentrum

hanne@forfattersentrum.no, Tlf: 930 09 790